

2.3.1 Minimumskrav til grunnbemanning

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane støttar forslaget om å lovfeste eit minimumskrav til grunnbemanning i barnehagen. Den nye rammeplan for barnehagen er oppdatert i tråd med samfunnsutviklinga og kunnskap om barn og barnehagar. Målet er eit trygt og godt barnehagetilbod til alle. Eit lovfesta minimumskrav til grunnbemanning vil vere med å sikre intensjonane i rammeplan for barnehagen og i tråd med eit av barnekonvensjonen sitt prinsipp, art 3 til beste for barn. For at barnehagetilbodet skal vere til beste for barn må det vere tilstrekkeleg med tilsette med barnehagefagleg kompetanse. Dette er avgjerande for kunne ivareta både enkelt barnet og barnegruppa.

2.3.2 Dispensasjon frå kravet til grunnbemanning.

Vi støttar ikkje forslaget om å kunne gje dispensasjon frå grunnbemanning. Vi meiner at dette vert teken i vare gjennom dispensasjon frå utdanningskravet. Forslaget om minimumskrav til grunnbemanning er eit viktig signal for å anerkjenne og synleggjere barnehagen som ein del av utdanningssystemet. Målet må vere å legge til rette for at fleire kan ta barnehagelærarutdanning, men òg gjere barnehagen til attraktiv arbeidsplass for dei barnehagelærarane som er i andre yrker. Store barnegrupper, for lite bemanning og låg kompetanse er nokre av fleire årsaker til fråfall i yrket.

3.2.1 Barnehagelova

Fylkesmannen ser det som positivt at nytt lovverk presiserer at omgrepet «pedagogisk leder» ikkje er forskriftsfesting av ein bestemt stillingskategori. Under dette punktet kjem det tydeleg fram at «pedagogisk leder» gjeld alle som fyller kompetansekravet i barnehagelova § 18 første eller andre ledd og blir omfatta av norm for pedagogisk bemanning.

3.4. Departementet sitt framlegg om skjerpa krav til pedagogisk bemanning.

Fylkesmannen støttar kravet om minimum ein pedagogisk leiar per 7 barn under tre år og ein pedagogisk leiar per 14 barn over tre år. Slik det er i dag nyttar kommunane i Sogn og Fjordane maks tal barn per pedagog slik dei har høve til i regelverket som gjeld i dag. Skjerpa krav til pedagogiske bemanning vil vere å heve kvaliteten og auke den samla kompetansen i barnehagen.

4.3.1 Lovfeste samarbeidsplikt mellom barnehage og skule.

Forslaget om å lovfeste samarbeidsplikt har lenge vore ønskeleg frå barnehagesektoren. Fylkesmannen meiner at det bra at rammeplanen for barnehagen, på dette området, blir følgd opp med endringar i både barnehagelova, opplæringslova og friskulelova. Det er flott at også samarbeid i overgangen barnehage og SFO blir lovfesta. Lovforslaget må følgjast opp med overordna nasjonale føringar for samarbeidet. Fylkesmannen støttar departementet sitt forslag om at skuleeigar, som ein del av plikta, skal utarbeide plan for overgangen barnehage - skule.